Skuleåret 2024/2025

Skuleåret 2024/2025
SU, Orre skule
**Dato:** 24.09.2024
**Deltakarar:** Kenth Magne Åsebø-Trodal (rektor), Elin Grødeland (FAU-leiar) Mari Hatteland (nestleiar FAU), Karen Marie Vold (rep.pedagogar skule), Lise Samuelsen (rep.fagarbeidarar/miljøpersonell skule), Mads Johnsen Egeland (elevrådsleiar), Ida Marlen Åse Lothe (nestleiar Elevrådet), Tomine Wiig (Elevrådet) og Vegard Bjøberg Snoksrud-Stokland (rep. Kommunestyret).
**Fråfall:**

Saksliste:

| **Sak** | **Referat** | **Ansvar** |
|---|---|---|
| Sak 1 24-25 | Velkomen til SU ved Orre skule 2024/2025<br>Introduksjon, presentasjonar og forventningsavklaringar. | Rektor<br>Leiar SU |
| Sak 2 24-25 | Konstituere SU og gjennomgang av vedtekter (reglement)<br>Val av leiar, nestleiar og sekretær<br>Leiar: Kenth Magne Åsebø-Trodal<br>Nestleiar: Mari Hatteland<br>Sekretær: Karen Marie Vold | Rektor<br>SU |
| Sak 3 24-25 | Årshjul for møter:<br>Møte 2: 05.desember, 19.00 - 20.00<br>Møte 3: 18.februar, 19.00 - 20.00<br>Møte 4: 8.mai, 19.00 - 20.00 | Rektor<br>SU |
| Sak 4 24-25 | Status oppstart skule og læringsmiljø<br>Bemanning/personale<br>• Det er god atmosfære på skulen. Læringsmiljøet er av god kvalitet og elevane er imøtekomande. Kulturen er prega av angerkjensle, både mellom elevar og vaksne, samt elevar -vaksne.<br>• I nokre klassar er det meir uro enn i andre. Vi er klar over kva for nokre klassar det gjeld og arbeider målbevisst med dette.<br>• Tilsette har det godt og arbeidsmiljøet er prega av trivsel og profesjonsutvikling.<br>• Det er noko belastande for organisasjonen at rektor og avdelingsleiar Solgunn hjelper til på Engelsvoll skule.<br>• Skulen har gjennomført nasjonale prøvar på 5.trinn og skal gjennomføra kartleggingsprøvar på 3.trinn over haustferien. FAU vil bli presentert for resultata til neste møte.<br>• Nybygget skal tas i bruk frå og med veke 42. Det er 4., 5. og 7.trinn som skal halde hus i bygget. I tillegg | Rektor |

| | | |
|---|---|---|
| | vil dei andre klassane ta i bruk romma tilknytt Skaparverkstad.<br>• Årets tall frå GSI vil syna at det no er fleire fagkvalifiserte lærarar på plass enn det som var tilfelle i fjor haust.<br>• Leiinga er svært nøgd med alle dei tilsette som arbeidar på skulen og på SFO.<br>• Skolen ligger ann til å gå litt over budsjett, dette med intensjon for å kunne ivareta de ansatte. Når man er en liten skolen er det lite å gå på i forhold til personal om nokon skulle bli syke, noko som sliter på dei ansatte over tid. | |
| Sak 5 24-25 | Status oppstart skule og læringsmiljø v. Tilsette<br>Pedagogar:<br>• Høg trivsel bland pedagogane. Godt arbeidsmiljø, ein strekk seg langt for å hjelpa kvarandre. Ein felles tanke om at alle elevane er våre elevar. Vore ein del frustrasjon i haust på grunn av dårleg Internett, noko me veit kommunen jobbar med å få i stand. God elevgruppe, trongt i gangane, noko som blir betra når me no får eit nyoppussa bygg. Veldig god leiing, som høyrer på dei tilsette. Merker at 2/3 av leiinga er ein del borte på Engelsvoll skule, så me gler oss til dei er tilbake til å berre vera på Orre.<br><br>Andre tilsette:<br>• Godt arbeidsmiljø. Godt samarbeid med leiing. Godt samhald. Positivt å vere liten skula der alle kjenner alle.<br>• Opplever gode klassemiljø. Kan være litt urolig av og til. | Karen Marie Vold<br>Lise Samuelsen |
| Sak 6 24-25 | Status oppstart skule og læringsmiljø v. elevar (Elevråd)<br>• Eit godt miljø, vener på tvers av trinn. Lite mobbing. Vaksne er raske til å ta tak om det er noko. Gler seg til nytt bygg. Kjenner seg høyrt av vaksne. Dei eldre elevane er gode førebilete for dei yngre. Kjekt med TL, nyleg hatt kick off. Skal nå i gang med Orre-talent.<br>• Opplever gode klassemiljø. Kan vera litt uroleg av og til. | Mads Johnsen Egeland<br>Ida Marlen Åse Lothe |
| Sak 7 24-25 | Status v. FAU<br>• Veldig kjekt når ein blandar klassane, når ein gjer noko anna enn å sitta rundt pulten. Veldig kjekt med TL. Opplever at ein tek vare på kvarandre. Opplever dei går godt overeins på tvers av trinn. Opplever ein får tak i lærar om ein treng det, og at dei tek kontakt om det er noko. | Elin Grødeland<br>Mari Hatteland |
| Sak 8 25-25 | Frå politisk representant<br>• På noverande tidspunkt driv Klepp kommune ein skule som går i pluss, noko som tilseier at det ikkje skal gjerast noko drastisk nå i forhold til skule (sagt i forbindelse med rapporten frå Agenda Kaupang) | Vegard Bjøberg Snoksrud-Stokland |

| | | |
|---|---|---|
| | • Dersom det er noko elevane tenkjar burde takast opp på eit høgare plan, kan ein gjer dette med politikar som sit her i SU. | |
| Sak 9 24-25 | Referat<br>Referatet publisert på skulen si heimeside. | Rektor<br>Sekretær |
| Sak 10 24-25 | Opning av 79-bygget<br>• Opnar etter haustferien. 4., 5. og 7.trinn skal ned på nytt bygg. Dette bygget vil ha 4 klasserom, noko som gjer at ein kan dela klassen av og til om ein vil. Det vil også vera skaparverkstad, med 3D skrivar, symaskin, sløyd, keramikk m.m. | Rektor |
| Sak 11 24-25 | Orrehallen<br>• Ny avtale som gjer at ein kan bruka Orrehallen. Har så vidt byrja å bruka han, og kjem til å brukast meir ut over hausten og vinteren. | Rektor |
| Sak 12 24-25 | Agenda Kaupang sin rapport til kommunestyret<br>Jærbladet sine artiklar.<br>• Det er akkurat investert mykje midlar i eit nytt bygg på Orre, derfor ser ein ikkje at det er sannsynleg at ein legg ned skulen med det første.<br>• Jærbladet har skrive nokre artiklar om forslaget om å leggja ned Orre skula (som vart lagt fram i Agenda Kaupang), og om Orretillegget. Dei 4 nytilsette som byrja på Orre i august seier alle at det ikkje er dette tillegget eksklusivt som er grunnen til at dei bestemde seg for å takka til stilling på Orre. | Rektor<br>SU<br>Politikar |
| Eventuelt/anna | • | |

Referent: Karen Marie Vold

Med blikk for alle